



## Seljord kommune

NORGES VASSDRAGS- OG  
ENERGIDIREKTORAT (NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

### MELDING OM VEDTAK

Dykkar ref: Vår ref: Sakshand: Arkivkode: Dato:  
2016/1592-27 Torunn Raffevold Rue, M11 06.01.2020  
torunn.rue@seljord.kommune.no

### Melding om vedtak - Vilårsrevisjon Sundsbarmvassdraget og Seljordsvatnet - Innspel til NVE etter synfaring i september 2019

Her følgjer særutskrift av kommunestyret si sak nr. 88/19.

NVE: Viser til førebels e-post 20.12.2019 om vedtak. Her er heile saksframstillinga og vedtaket.

Med helsing

Torunn Raffevold Rue  
Natur- og Miljørådgjevar  
*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift*

Kopi til:

Jakob Fjellanger, NVE			
SKAGERAK ENERGI AS	Postboks 80	3901	PORSGRUNN
SUNDSBARM KRAFTVERK DA	Postboks 80	3901	PORSGRUNN
MIDT-TELEMARK KOMMUNE	Bøgata 67	3800	BØ I TELEMARK
FYLKESMANNEN I VESTFOLD OG TELEM	Postboks 2076	3103	TØNSBERG
Midtre Telemark vassområde	Landbrukets hus, Brennavegen 30	3810	GVARV



**Seljord kommune**

Arkiv: M11  
 Saksnr.: 2016/1592-23  
 Sakshand.: Torunn Raffevold Rue  
 Direkte tlf.:  
 Dato: 27.09.2019

### Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Samfunnsutvalet	12/19	27.11.2019
Kommunestyret	88/19	12.12.2019

## Vilkårsrevisjon Sundsbarmvassdraget og Seljordsvatnet - innspel til NVE etter synfaring i september 2019

### Saksdokument:

Vedlegg:

- 1 Melding om vedtak - NVE - Høyring - Regulering av Seljordsvatnet - Sundsbarmreguleringen
- 2 Skagerak Energi AS sin intro til synfaringane sept. 2019
- 3 NVE sitt referat frå synfaringa 3. og 4. sept. 2019
- 4 Oppsummering av krav frå kommunane hausten 2016

### Saksutgreiing:

Vilkårsrevisjon er eit viktig verkemiddel for å oppnå betre miljøtilstand i utbygde vassdrag. Bakgrunnen for lova som opnar for vilkårsrevisjon, er at det er eit behov for å modernisere gamle konsesjonsvilkår. Det gjeld spesielt fysiske og hydrologiske forhold i og rundt vassdrag og i magasina. Moglegheita til revisjon kan sørge for at eldre konsesjonsvilkår i størst mogleg grad blir oppgradert til dagens standard. Dette kan til dømes vere minstevassføring, endring i manøvreringsreglement og habitatforbetrande tiltak.

Sidan denne saka har vore oppe tidlegare og det no er nytt kommunestyre og samfunnsutval, skriv vi litt om bakgrunnen til saka og litt generelt om vasskraft.

### Bakgrunn til saka:

- Saka starta i 2013 då alle kommunestyra i Tokke, Kviteseid og Seljord gjorde vedtak og bad om at NVE opna revisjonssak for Sundsbarmvassdraget og Seljordsvatnet. Det vart halde grendemøte i alle kommunane før kommunestyrevedtaket. Faun Naturforvaltning AS som hadde erfaring frå tidlegare saker, var engasjert av kommunane for å hjelpe med å opne vilkårsrevisjonen.

- NVE kunngjorde deretter i brev av 24.09.2015 at vilkåra for Sundsbarmreguleringa (Flatdal-, Morgedal- og Dalaåi/Oftevassdraga) og reguleringa av Seljordsvatnet skulle reviderast; ein såkalla vilkårsrevisjon.
- Sundsbarm kraftverk DA (SK) og Bø kommune (konsesjonærane = dei som i si tid fekk løyve til å byggje ut og regulere nemnde vassdrag) utarbeidde to revisjonsdokument våren 2016 som skildra reguleringane og vurderte dei ulempene som dei var kjent med. Dokumenta vart utarbeidde etter krav frå kommunane og føringar frå NVE.
- Revisjonsdokumenta og fråsegnene til desse utgjer ein viktig del av grunnlaget for å fastsetje reviderte vilkår.
- Det er NVE som har stilt krav som sikrar at revisjonsdokumenta held ein god nok kvalitet.
- Revisjonsdokumenta vart kunngjort i Vest-Telemark blad, Varden og TA i tillegg til heimesidene til dei involverte kommunane i 2016. Seljord kommune la dokumenta til gjennomsyn på biblioteket og i resepsjonen på kommunehuset i 2016.
- Fristen for å sende inn høyringsuttale var 15.12.2016 til NVE. Seljord og Kviteseid kommunar fekk utsett høyringsfristen til 02.01.2017.
- Skagerak Energi AS (SE) kommenterte høyringsinnspela i dokument av 16.05. 2018, revidert august 2019.
- Alle innspela og dokumenta i saka ligg på [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker).

### Kva har skjedd i 2019:

Det var møte med Skagerak Energi AS/Sundsbarm kraftverk og Bø kommune i regi av SE/SK på kommunehuset i Seljord 13.mai 2019 for å gå gjennom kommentarar til høyringsinnspela.

NVE kalla inn til synfaring langs Sundsbarmvassdraget og Seljordsvatnet til Oterholtfossen og Bøelva 3. og 4. september 2019.

Under synfaringane vart det presisert at vilkårsrevisjonen handlar om langsiktige grep i vassdraget. Andre eventuelle akutte behov for handling i vassdraget, må handterast utanom revisjonsprosessen. Dersom NVE skal involverast er det regionkontoret i Tønsberg, eventuelt Miljøtilsynet i NVE, som er aktuelle.

NVE presiserte etter synfaringa at:

- a) det gjer det enklare å vurdere krava dersom dei er konkretisert og prioritert så mykje som mogleg
- b) krava treng ikkje vere talfesta (sjølv om det er ein fordel), men NVE treng å forstå kva for dimensjon eller grad av storleik det er snakk om (f.eks. «dobbelte så mykje vatn», «litt/noko/mykje meir vatn», «vatn nok til X», meir vatn i ein bestemt sesong vs ein annan)
- c) dersom det er snakk om mange strekningar, er det også viktig å få vite kva for strekningar ein ønskjer å prioritere før andre

NVE har godteke at fristen for tilleggssinnspel er utsett til **20. desember 2019** for Seljord kommune.

### Vidare saksgang i denne vilkårsrevisjonssaka:

- NVE sender innstilling til Olje- og energidepartementet (OED) om eventuelle endringar av vilkår og forslag til nye vilkår.
- Det vert sendt ut pressemelding om innstillinga til NVE når denne ligg føre.
- OED skal deretter sende NVE si innstilling (om eventuelle endringar av vilkår) på ei avgrensa høyring til dei involverte kommunane før saka vert avklart mellom dei ulike aktuelle departementa.
- Det hender at OED ynskjer ei synfaring før dei sender saka vidare til dei andre departementa.
- Kongen i Statsråd vedtek revisjon av reguleringskonsesjonen ved kongeleg resolusjon.
- Konsesjonæren har moglegheit etter ein revisjon til å seie frå seg konsesjonen.

- Nye konsesjonsvilkår vert sett i verk.

### **Litt om vasskraft og vilkårsrevisjon (utdrag frå Landssamanslutninga av vasskraftkommunar, LVK)**

Bakgrunnen for lovavgjerda som opnar for revisjon, er at det er eit behov for å modernisere gamle konsesjonsvilkår. Det gjeld spesielt fysiske og hydrologiske forhold i og rundt vassdraget og magasinane. Konsesjonsvilkåra som vert sett ved nye utbyggingar i dag, er vesentleg strengare ut frå miljøomsyn enn dei som vart sett for meir enn 50 år sidan. Det har vore Stortinget si målsetting med revisjonstilgangen å sørge for at eldre konsesjonsvilkår i størst mogleg grad vert oppgradert til dagens standard. Dette kan gjelde for eksempel krav om minstevassføring, endringar i manøvreringsreglement, terskelbygging, naturforvaltingsvilkår osv.

I samband med ei vasskraftutbygging vert det gjeve konsesjon, dvs eit løyve, til å byggje ut eit vassdrag. Inngrepa i lokale naturverdiar som følgjer av ei vasskraftutbygging er ei viktig sak for kommunane som er råka av dette. Vertskommunane (dei som har hatt ei vasskraftutbygging) må akseptere at det vert gjort naturinngrep og miljøpåverknader som ei vasskraftutbygging fører til m.a. nedtapping av magasin, turrlegging av elvestrekningar og erosjonsskader. Miljøinngrepa ved ei vasskraftutbygging kan påverke friluftslivet, fisk og biologisk mangfald, lokal vassforsyning og redusert grunnlag for lokal næringsverksemd som t.d. naturbasert reiseliv.

Vasskraft er utsleppsfri og fornybar energi, men naturen som går tapt er ikkje fornybar. Dei eldste vasskraftutbyggingane gjer vanlegvis dei største naturinngrepa sidan det på den tid då konsesjonen vart gjeven, ikkje vart stilt tilsvarende krav til vern om natur og miljø. I nye konsesjonar vert det stilt krav om minstevassføring og magasinnyllingar. Modernisering av miljøvilkår i gamle vasskraftkonsesjonar, som ein vilkårsrevisjon innber, kan difor gje store miljøforbetringar i regulerte vassdrag.

Vasskraftproduksjonen i Noreg skjer i dag i all hovudsak med grunnlag i konsesjonar som er gjevne før overgangen til ein marknadsbasert kraftmarknad gjennom energilova av 1990. Medan konsesjonsvilkåra og produksjonsmønsteret tidligare tok utgangspunkt i den innanlandske forbruksprofilen med stor etterspurnad om vinteren og liten etterspurnad om sommaren, vert dagens vasskraftproduksjon innretta etter den marknadsbaserte krafthandelen m.a. med kraftutveksling mot kontinentet. Vasskraft med magasin kapasitet kan justere produksjonen straks, og møte effekttoppar i løpet av døgnet og fungere som balansekraft for ny vindkraft. Med dagens moglegheiter for å transportere kraft over store avstandar er norsk, magasinert vasskraft difor svært verdifull, også på kontinentet. Norske vasskraftmagasin vert i større grad i dag brukt som kortvarig effektlagring. Effektkøyringa inneber at vassføringa i elvane og vasstanden i magasinane kan variere svært mykje på kort tid. Dette er noko som skaper eit spenningsforhold mellom eldre konsesjonsvilkår og det nye produksjonsmønsteret og auka press på naturmiljøet. Det er difor viktig å få inn vilkår i eldre konsesjonar som er tilpassa dagens køyremønster, med nødvendige restriksjonar på senkingshastigheit, sesongavgrensingar innanfor høgaste og lågaste regulerte vasstand (HRV og LRV) og krav til minstevassføring. (Kjelde: LVK, Landssamanslutninga av vasskraftkommunar).

I dag vert det sett vilkår med bakgrunn i *standard naturforvaltingsvilkår* for nye vasskraftutbyggingar. For revisjonar er det i første rekkje løyve gjeve etter vassdragsreguleringslova som er av interesse.

NVE skriv m.a. i brevet av 24.09.2015:

*"Vi viser til at hovedformålet med en revisjon er å bedre miljø- og naturforholdene ved å avbøte ulemper og negative virkninger ved utbyggingen. Bestemmelser i konsesjonen om høyeste og*

laveste regulerte vannstand (HRV og LRV) samt overføringer kommer ikke inn under hva som kan revideres. Revisjonen åpner imidlertid for å vurdere endring i blant annet manøvreringspraksis, minstevannslipp, biotopjusterende tiltak og utsetting av fisk. NVE vil følge OEDs "Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragskonsesjoner" av 25.05.2012 i sin behandling."

I kommunestyresaka som ligg ved denne saka, og for så vidt i ein-siders oversikten for alle kommunane, er det lista opp og argumentert for dei ulike endringane og krava som Seljord kommune sette i saka. Vi går difor ikkje inn på detaljane her. Det kan ein lese seg til i vedlegga.

I høyringssvaret frå Skagerak Energi AS frå 16.05.2018, revidert august 2019 som ligg på [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) som vedlegg nr 3, har dei kommentert alle innspela og skrive noko om kva dei kan vere villige til å endre eller sjå på av tiltak. Dette dokumentet er på 52 sider.

### Kommentarar til punkta som NVE bad oss konkretisere etter synfaringa i september 2019:

- a) det gjer det enklare å vurdere krava dersom dei er konkretisert og prioritert så mykje som mogleg  
Seljord kommune har konkretisert mange av innspela i kommunestyresak 105/16 som ligg ved.
- b) krava treng ikkje vere talfesta (sjølv om det er ein fordel), men NVE treng å forstå kva for dimensjon eller grad av storleik det er snakk om (f.eks. «dobbelt så mykje vatn», «litt/noko/mykje meir vatn», «vatn nok til X», meir vatn i ein bestemt sesong vs ein annan)

Seljord kommune meiner at vasstrengen i dei områda vi har peika på og kravd minstevassføring i (Grovåi, Valelåi, Flatdøla og Åmotsdalsåi), må få så mykje vatn at det er leveleg for fisk og levande organismar. I somme av dei regulerte elvane og bekkane, ser det tørrlagt ut når det t.d. i dag er krav om 50 L/s som minstevassføring i visse periodar.

I dag er gjeld desse skjønnpålagde minstevassføringskrava:

Grovåi	Åmotsdalsåi	Flatdalsåi	Ofteåi	Dalaåi	Morgedalsåi
50 L/s 1.mai-30.sept.	100 L/s 1.mai-30.sept	200 L/s 1.mai-30.sept.	40 L/s 1.jan.-31.des.	150 L/s 1.mai-31.okt.	100 L/s 1.mai-31.okt.
	50 L/s 1.okt.-30.april			50 L/s 1.nov.-30.april	50 L/s 1.nov.-30.april

Hensikta med vilkårsrevisjonen er å oppgradere vassdraga til dagens miljøstandard. I dag er minstevassføring pålagt i nye konsesjonar. Tilhøve for fisk og levande organismar må seiast å vere ålmenne interesser.

Seljord kommune sit ikkje inne med hydrologisk kompetanse, og hydrologi er eit eige fag. Men vi ser at minstevassføringa i dag ikkje fungerer når det gjeld miljøomsynet. Vi godtek at periodane ikkje vert endra på, men vi krev at minstevassføringa blir så stor og elveløpet vert endra slik at det går nok vatn i t.d. midtålen i elvane (gjeld særleg slake strekningar) slik at det kan vere leveleg for fisk. Difor meiner vi at det minimum må gå dobbelt så mykje vatn som kravet er i dag. Dette gjeld alle tre nemnde elvane innan Seljord kommune i tabellen over.

Det er svært mange av elvestrekningane der det gror att fordi det ikkje går nok vatn til å reinske opp. Dette såg vi eksempel på under synfaringa. Vi såg også eksempel på store massetransportar av stein og grus i elveløpet. Dette har skjedd under dei store flaumane vi har hatt dei siste åra, m.a. i 2015 (2), 2017 (3) og 2018 (1). På ein god del av dei lange, slake

strekningane vert det lagt att mykje masse slik at elvebotnen i dag ligg høgare enn for ein del år sidan. Kapasiteten i desse delane av vassdraget har minka, og ein er meir utsette for flaum.

c) dersom det er snakk om mange strekningar, er det også viktig å få vite kva for strekningar ein ønskjer å prioritere før andre

Seljord kommune ynskjer å prioritere alle desse tre strekningane innan Seljord kommune; Grovåi, Åmotsdalsåi og Flatdøla. I tillegg har vi i saka frå 2016 teke med Valåi.

Når det gjeld tiltak i Vallaråi, vil Seljord kommune presisere at NINA-rapport 1233 *Kunnskapsstatus og forslag til ferskvannssøkologisk undersøkelsesprogram i Vallaråi i Telemark* ved Morten Kraabøl blir lagt til grunn ved vilkårsrevisjonen.

### **Rådmannen si tilråding:**

1. Seljord kommune har konkretisert mange av innspela i kommunestyresak 105/16 som ligg ved.
2. Seljord kommune meiner at vasstrengen i dei områda vi har peika på og kravd minstevassføring i (Grovåi, Valåi, Flatdøla og Åmotsdalsåi), må få så mykje vatn at det er leveleg for fisk og levande organismar.
3. Vi godtek at periodane ikkje vert endra på, men vi krev at minstevassføringa blir så stor og elveløpet vert endra slik at det går nok vatn i t.d. midtålen i elvane (gjeld særleg slake strekningar) slik at det kan vere leveleg for fisk. Difor meiner vi at det minimum må gå dobbelt så mykje vatn som kravet er i dag. Dette gjeld alle tre nemnde elvane innan Seljord kommune i tabellen over.
4. Seljord kommune ynskjer å prioritere alle desse tre strekningane innan Seljord kommune; Grovåi, Åmotsdalsåi og Flatdøla. I tillegg har vi i saka frå 2016 teke med Valåi.
5. Når det gjeld tiltak i Vallaråi, vil Seljord kommune presisere at NINA-rapport 1233 *Kunnskapsstatus og forslag til ferskvannssøkologisk undersøkelsesprogram i Vallaråi i Telemark* ved Morten Kraabøl blir lagt til grunn ved vilkårsrevisjonen.
6. Seljord kommune vil presisere at den til tider låge vasstanden og den låge temperaturen i Vallaråi er kritisk for fisken i elva. Med slepp av kaldt vatn gjennom kraftverket ut i Vallaråi, nedstraums Lakshølfossen, påverkar det badetemperaturen i sommarsesongen i innløpet til Seljordsvatnet. Dette er uheldig for ålmenta og den delen av vilkårsrevisjonen som omhandlar friluftsliv.

### **Handsaming i Samfunnsutvalet - 27.11.2019**

Avrøysting: Samrøystes vedteke med ynskje om å tilføre eit nytt punkt om minstevassstand og temperatur i Vallaråi før behandling i kommunestyre.

1. Seljord kommune har konkretisert mange av innspela i kommunestyresak 105/16 som ligg ved.
2. Seljord kommune meiner at vasstrengen i dei områda vi har peika på og kravd minstevassføring i (Grovåi, Valåi, Flatdøla og Åmotsdalsåi), må få så mykje vatn at det er leveleg for fisk og levande organismar.
3. Vi godtek at periodane ikkje vert endra på, men vi krev at minstevassføringa blir så stor og elveløpet vert endra slik at det går nok vatn i t.d. midtålen i elvane (gjeld særleg slake strekningar) slik at det kan vere leveleg for fisk. Difor meiner vi

at det minimum må gå dobbelt så mykje vatn som kravet er i dag. Dette gjeld alle tre nemnde elvane innan

Seljord kommune i tabellen over.

4. Seljord kommune ynskjer å prioritere alle desse tre strekningane innan Seljord kommune; Grovåi, Åmotsdalsåi og Flatdøla. I tillegg har vi i saka frå 2016 teke med Valåi.
5. Når det gjeld tiltak i Vallaråi, vil Seljord kommune presisere at NINA-rapport 1233 Kunnskapsstatus og forslag til ferskvannsekologisk undersøkelsesprogram i Vallaråi i Telemark ved Morten Kraabøl blir lagt til grunn ved vilkårsrevisjonen.

#### **Vedtak i Samfunnsutvalet - 27.11.2019**

1. Seljord kommune har konkretisert mange av innspela i kommunestyresak 105/16 som ligg ved.
2. Seljord kommune meiner at vasstrengen i dei områda vi har peika på og kravd minstevassføring i (Grovåi, Valåi, Flatdøla og Åmotsdalsåi), må få så mykje vatn at det er leveleg for fisk og levande organismar.
3. Vi godtek at periodane ikkje vert endra på, men vi krev at minstevassføringa blir så stor og elveløpet vert endra slik at det går nok vatn i t.d. midtålen i elvane (gjeld særleg slakestrekingar) slik at det kan vere leveleg for fisk. Difor meiner vi at det minimum må gå dobbelt så mykje vatn som kravet er i dag. Dette gjeld alle tre nemnde elvane innan Seljord kommune i tabellen over.
4. Seljord kommune ynskjer å prioritere alle desse tre strekningane innan Seljord kommune; Grovåi, Åmotsdalsåi og Flatdøla. I tillegg har vi i saka frå 2016 teke med Valåi.
5. Når det gjeld tiltak i Vallaråi, vil Seljord kommune presisere at NINA-rapport 1233 Kunnskapsstatus og forslag til ferskvannsekologisk undersøkelsesprogram i Vallaråi i Telemark ved Morten Kraabøl blir lagt til grunn ved vilkårsrevisjonen.
6. Eit punkt om minstevassstand og temperatur i Vallaråi blir tilført før saka kjem opp til behandling i kommunestyret

#### **Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2019**

Terje Haugland (Sp) fremma følgande forslag:

-Seljord kommune ber NVE om at konsesjonæren loggfører temperatur og vassmengde fleire stader over tid i Vallaråi frå Lakshøl til Seljordsvatnet.

-Seljord kommune ber om at konsesjonæren utfører hydromorfologiske undersøkingar i Vallaråi; dvs. undersøkingar av vassmengde og variasjon i vassføring og vasstand, inkl. naturmangfaldet og botnforholda i elva.

Halfdan Haugan (Ap) fremma følgande forslag:

-Seljord kommune ber NVE spesielt om å vurdere konsesjonen for Seljordsvatnet når det gjeld utløpet og reguleringa gjeve i konsesjonen 19.januar 1944 og avtala mellom Bø kommune og Sundsbarm kraftverk frå 1983.

-Seljord kommune er opptatt av sikkerhet rundt damanlegg og infrastruktur. Kommunen ber NVE vurdere tiltak for å halde denne på et godt nivå. Dette gjeld spesielt tilgang via veg til kritisk infrastruktur.

Rådmannens tilråding samt tilleggsforslag i to punkt frå Terje Haugland og tilleggsforslag i to punkt frå Halfdan Haugan (Ap) vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i Kommunestyret - 12.12.2019**

1. Seljord kommune har konkretisert mange av innspela i kommunestyresak 105/16 som ligg ved.
2. Seljord kommune meiner at vasstrengen i dei områda vi har peika på og kravd minstevassføring i (Grovåi, Valåi, Flatdøla og Åmotsdalsåi), må få så mykje vatn at det er leveleg for fisk og levande organismar.
3. Vi godtek at periodane ikkje vert endra på, men vi krev at minstevassføringa blir så stor og elveløpet vert endra slik at det går nok vatn i t.d. midtålen i elvane (gjeld særleg slake strekningar) slik at det kan vere leveleg for fisk. Difor meiner vi at det minimum må gå dobbelt så mykje vatn som kravet er i dag. Dette gjeld alle tre nemnde elvane innan Seljord kommune i tabellen over.
4. Seljord kommune ynskjer å prioritere alle desse tre strekningane innan Seljord kommune; Grovåi, Åmotsdalsåi og Flatdøla. I tillegg har vi i saka frå 2016 teke med Valåi.
5. Når det gjeld tiltak i Vallaråi, vil Seljord kommune presisere at NINA-rapport 1233 *Kunnskapsstatus og forslag til ferskvannssøkologisk undersøkelsesprogram i Vallaråi i Telemark* ved Morten Kraabøl blir lagt til grunn ved vilkårsrevisjonen.
6. Seljord kommune vil presisere at den til tider låge vasstanden og den låge temperaturen i Vallaråi er kritisk for fisken i elva. Med slepp av kaldt vatn gjennom kraftverket ut i Vallaråi, nedstraums Lakshølfossen, påverkar det badetemperaturen i sommarsesongen i innløpet til Seljordsvatnet. Dette er uheldig for ålmenta og den delen av vilkårsrevisjonen som omhandlar friluftsliv.
7. Seljord kommune ber NVE spesielt om å vurdere konsesjonen for Seljordsvatnet når det gjeld utløpet og reguleringa gjeve i konsesjonen 19.januar 1944 og avtala mellom Bø kommune og Sundsbarm kraftverk frå 1983.
8. Seljord kommune er opptatt av sikkerhet rundt damanlegg og infrastruktur. Kommunen ber NVE vurdere tiltak for å halde denne på et godt nivå. Dette gjeld spesielt tilgang via veg til kritisk infrastruktur.
9. Seljord kommune ber NVE om at konsesjonæren loggfører temperatur og vassmengde fleire stader over tid i Vallaråi frå Lakshøl til Seljordsvatnet.
10. Seljord kommune ber om at konsesjonæren utfører hydromorfologiske undersøkingar i Vallaråi; dvs. undersøkingar av vassmengde og variasjon i vassføring og vasstand, inkl. naturmangfaldet og botnforholda i elva.
11. Seljord kommune ber NVE spesielt om å vurdere konsesjonen for Seljordsvatnet når det gjeld utløpet og reguleringa gjeve i konsesjonen 19.januar 1944 og avtala mellom Bø kommune og Sundsbarm kraftverk frå 1983.
12. Seljord kommune er opptatt av sikkerhet rundt damanlegg og infrastruktur. Kommunen ber NVE vurdere tiltak for å halde denne på et godt nivå. Dette gjeld spesielt tilgang via veg til kritisk infrastruktur.

Utskrift til:

NVE

Skagerak Energi AS / Sundsbarm Kraftverk DA

Bø kommune

Fylkesmannen i Telemark

Midtre Telemark vassområde